

Høyringsvar frå Fjellnettverket til regional planstrategi Viken

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Vi arbeider for å sette viktige tema for fjellområda på dagsorden og for å skape levande og livskraftige bygder.

Fjellnettverket arbeider for fjellområda og fjellkommunane i Noreg. For Viken fylkeskommune er dette kommunane Flå, Nesbyen, Hol, Gol, Hemsedal, Ål, Rollag, Nore og Uvdal, Ringerike, Sigdal, Flesberg og Krødsherad.

Desse områda i Viken har naturgitte føresetnader som har andre grunnlag for utvikling og forvaltning samanlikna med resten av fylket. Fjellområda er store og med rike naturressursar. Dei utgjør verdier både for folk som bur der, for det norske storsamfunnet og for det globale samfunnet. God forvaltning av desse områda stiller derfor spesielle krav, og kan skje best når det bur folk i og nær fjella.

Samstundes har fjellområda store utfordringar: Befolkningsnedgang, einsretta næringsliv og mindre tilgang på ein rekke tenester som er tilgjengeleg i meir sentrale delar av fylket. Regional planstrategi skal famne heile fylke og Viken skal utarbeide mål, strategiar og planar som er tilpassa dei ulike regionane. Fjellnettverket finn i ulike delar av planen fleire av problemstillingane beskrive, men etterlyser at desse utfordringane blir teken inn i målsetningane i større grad.

Under er kommentarar til konkrete delar av planen, med synspunkt frå Fjellnettverket:

Klimatiltak

Kommunane og fylkeskommunane har ei nøkkelrolle og kan vere med å fremje eller hemme ulike klimatiltak. Fjellnettverket, som representerer fjellkommunar og fylke med store fjellområde, etterlyser større grad av differensiering mellom aktuelle klimatiltak i storbyar og område med spreidd busetnad. Klimagassutslepp og energiomlegging er særleg omtalt under *Innsatsområde 4: Redusert klimagassutslipp og energiomlegging*. Fjellnettverket meiner at planstrategien i større grad bør ha eit tydelegare distriktperspektiv og ta for seg korleis ein skal kunne få gode klimatiltak i distrikts-Noreg.

Det er store skilnader på kommunar i Viken. Fjellkommunane har andre føresetnader og utfordringar for å setje i verk effektive klimatiltak enn byane og sentrale strom. Tiltak som reduksjon i transportbehov og omlegging til grøn mobilitet, er tiltak som i svært liten grad vil ha effekt og påverke klimautsleppa i store delar av fylket.

Dei ambisiøse klimamåla i planen, er i stor grad retta inn mot byane og tettbygde strom. Fjellnettverket meiner at for å nå måla om utsleppsreduksjon, må det arbeidast konkret med lokale tiltak i distrikts-Noreg, slik at heile fylket kan bidra i klimadugnaden.

By – og stadutvikling

Under *Innsatsområde 5 helhetlig by- og stedsutvikling*, er Fjellnettverket positive til målsetning c, om ei differensiert tilnærming tilpassa områda eller kommunane sin eigenart. Dette er heilt sentralt for at fylke skal utføre si rolle som samfunnsutviklar og bidra til å utvikle attraktive og inkluderande lokalsamfunn og sikre busetjing over heile fylke.

Under same innsatsområde stiller Fjellnettverket spørsmålsteikn ved formuleringane brukt i målsetning d: *I Viken har vi kompakte byer og steder, der de fleste har mulighet til å komme til skole, arbeid, tjenester, handel og andre daglige aktiviteter ved hjelp av gange, sykkel eller kollektive transportløsninger*. Fjellnettverket tolkar dette som by- og tettstadutvikling, og stiller spørsmål ved bruken av ordet “sted”. Dersom dette skal vere eit generelt mål for heile Viken, vil det få dramatisk negative konsekvensar for busetjing i distrikta og fjellområda.

I målsetning k, under same innsatsområde, er det satt mål om god beredskap Viken. For fjellkommunane er utfordringane store, då dei i mange periodar får mangedobla brukartalet i si kommune. Inntektssystemet for kommunane er basert på innbyggartal og ikkje brukartal. Det gjer at fjellområda har store kostnader knytt til beredskap. Skal ein nå målsetjinga, må inntektssystemet leggst om eller det må kome andre verkemiddel som dekker ekstrautgiftene til kommunane.

Landbruk

Fjellnettverket støttar at under *Innsatsområde 3, berekraftig arealbruk, matproduksjon og ernæring* er viktige målsetningar om å auke matproduksjon, reduksjon av matavfall og å ta vare på biologisk mangfald.

Fjellnettverket understrekar at små og mellomstore bruk i drift, er ein viktig føresetnad for dette. Nedlegginga av små og mellomstore bruk trugar matforsyninga i landet og i Viken. Landbruket i fjellområda er særleg utsett, fordi det er små bruk, kortare vekstsesong og små mogelegheiter for effektivisering. Klimaendringane og andre miljøutfordringar gjer at vi bør nytte alt dyrka areal i Noreg. Innan 2050 forventast det, ifølge IPCC, at den globale matproduksjonen vil svekkast med 2% pr. tiår. Samtidig aukar det globale matbehovet på grunn av befolkningsauka og FN's målsetting om å utrydde svelt. Dette vil gjere det nødvendig med ein politikk for å utnytte det samla jordbruksarealet. Det betyr matjord i drift og aktivt landbruk i fjellbygdene.

Beitebruk i fjellområda er ein viktig føresetnad for biologisk mangfald. Arbeid knytt til landbruket opprettheld kulturlandskapet og hindrar attgroing i fjellet.

Fjellandbruket har ein særleg viktig plass for å bidra til det grønne skiftet, både innanfor Viken, for nasjonen og globalt. Fjellnettverket meiner dette perspektivet burde vore sterkare

innarbeid i regional planstrategi for Viken og oppfordrar Viken til å legge inn tydelege målsetningar for å sikre fjellandbruket sin plass i det nye fylket.

Digital infrastruktur

Under *Innsatsområde 2: Bærekraftig og rettferdig økonomisk system*, er ei av målsetningane at næringslivet i Viken har tilgang på god digital infrastruktur. Fjellnettverket meiner dette er svært viktig. Behovet for tilgang til høghastigheits breiband kjem til å vekse i framtida. Ei utbygging av digital infrastruktur vil gje moglegheiter til å skape sin eigen arbeidsplass, auke kompetansen, og er eit nødvendig grunnlag for næringsutvikling i distrikta.

Under *Innsatsområde 1, Livskvalitet, velferd og like muligheter* er utfordringane knytt til manglande digitale løysingar i samband med koronasituasjonen drøfta. Pandemien synleggjorde behovet for å styrke utbygginga av digital infrastruktur. Det heilt nødvendig for både skuleelevar og andre innbyggjarar å ha tilgang på høghastigheits breiband også i ein normalsituasjon. Til dømes er det mange born som ikkje får tilgang på digitale læringsverktøy eller kan gjere lekser heimanfrå. Dette skapar store sosiale ulikskapar. Tilgang på digital infrastruktur for innbyggjarane, er ikkje tydeleggjort i planen. Fjellnettverket meiner det bør innarbeidast ei målsetning om at i tilgang på rimeleg høghastighets breiband skal vere tilgjengeleg for alle innbyggjarane i Viken, avhengig av kvar i fylket ein bur.

Næringsstruktur

Det er store variasjonar i næringsstrukturen i Viken og slik sett kan me vere samd i konklusjonen om at næringsstrukturen i Viken samla sett er robust. Likevel er arbeidslivet i fjellområda svært utsett. Næringslivet i fjellet er prega av liten variasjon, små fagmiljø og for få arbeidsplassar med krav til høgare utdanning. I motsetning til meir sentrale strøk, er det ikkje forventta vekst i dei delane av næringslivet som sysselset dei fleste i fjellområda. Eit unntak har vore reiselivet, som no dessverre er svært sårbart på grunn av Covid 19.

Fjellnettverket meiner utviklinga av næringslivet i distrikta er ei så stor utfordring at den må løysast med ein rekke ulike verkemiddel og at målsetningane på næringsliv bør ta inn formuleringar som “i alle delar av Viken”, “I heile Viken” og liknande for å sikre at politikken og tiltaka i Viken rettar seg inn mot ulike delar av fylke.

Skule og utdanning

Under *Innsatsområde 8.1, Livskvalitet, velferd og like muligheter*, deler Fjellnettverket Vikens bekymring for at det er aukande forskjellar mellom sentrale strøk og distrikta i forhold til utdanningsnivå, økonomi og sosiale skilnader. Fjellnettverket ber derfor om at Viken prioriterer tilbodet av vidaregåande utdanning og tillegg- og etterutdanning i fjellområda. Tilgang på vidaregåande utdanning i nærleiken er viktig for å gi alle mogelegheit til utdanning. Det vil vere eit viktig bidrag for å styrke fjellområda tilgang på kompetent arbeidskraft i framtida. Fjellnettverket ber om at Viken fylkeskommune fortsett og aukar satsinga på vidaregåande skuler og etterutdanning i distrikta.

Samarbeid

Under *punkt 4.3, Samarbeid på tvers av fylkesgrenser*, er samarbeidet rundt Oslofjorden presentert. Fjellnettverket understrekar at skal heile Viken utviklast, så er det naudsynt å samarbeide med andre fylke som har fjellområde, slik som Vestfold og Telemark, Innlandet, Trøndelag, Agder og Vestlandet.